

Kyrkjekeklokka

Nr. 4 – 2019 Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld 83. årgang

Advent

Advent betyr å gjere kjent at noko skal kome. Advent er med andre ord ei tid for førebuing, då gjer vi oss klare til den og det som skal kome. No er det Jesus og jula.

Her i Norge vart det i løpet av 1900-talet tradisjon for å tenne lys i adventskransen – eitt for kvar av dei fire søndagene i advent. Tradisjonelt har fiolett vore adventtidas farge. Det er ein farge for førebuing og faste, for fargane er ein viktig del av kyrkja sitt symbolspråk. Dei er med på å gjere liturgiane rikare, og er synlege uttrykk for årstidene i kyrkja og feiringane der. Gjennom kyrkja si historie har ulike fargar og fargenyansar vore i bruk, avhengig av tradisjon, geografi og kultur. Det er likevel fire liturgiske hovudfargar som går igjen; Kvitt (eller gyllent) er fargen for Kristus-høgtidene, fest og glede. Fiolett er fargen for førebuing, bot og sorg. Raudt er fargen for Anden og kyrkja, blod, eld og martyrium. Grønt er fargen for vekst og livskraft.

I adventstida vart det fasta for å gjere plass til jula, både i konkret og i overført forstand. I dag tek mange jula på forskot med kalendergåver og julebord i adventstida. Kanskje er det derfor advent i dag blir assosiert med mange ulike fargar – vi ser stadig både raud, kvit, svart, grøn og oransje.

I Bibelen er det særleg to personar som blir sette i samband med advent; profeten Jesaja frå Det gamle Testamentet og Døyparen Johannes frå Det nye Testamente. Begge peiker bort frå seg sjølve og fram mot Jesus.

Døyparen Johannes gjer det ved å bane veg for Jesus og fortelje folket at Jesus er på veg. Johannes seier til menneska

at dei skal bli døypte med vatn som teikn på at dei blir vaska reine både utvendig og innvendig, og så skal dei vende seg om mot Gud og Jesus. Seinare vil Jesus kome og døype med eld og Den heilage Ande.

Jesaja peiker fram mot Jesus fordi han som profet (730 f.Kr. til 700 f.Kr.) talar om eit komande fredsrike, om ein son som skal vere frelsar og fredsfyrste, og om ørkenen som skal blomstre. Aller sterkest i denne samanhengen er profetien om den unge kvinnen som skal bli gravid og føde ein son (Jesaja 7,14): Han skal få namnet Immanuel som betyr «Gud med oss». Mellom andre forstår evangelisten Matteus Jesu fødsel som ei oppfylling av Jesajas profeti. Dei vert derfor rekna som eit varsel om at Jesus skal kome.



Biskop Halvor Nordhaug hadde studiepermisjon fram til 10. november, og derfor er det domprost Gudmund Waaler som har skrive årets juleandakt.

EI KRUBBE FOR VÅR TID

Av domprost Gudmund Waaler



Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvlettar. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, utrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt utrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag?

Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elskar oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje kreve, den kan berre komma oss i møte og sei; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidingen vår når menneske lir. Han gråt når vi sørger. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

*Og finner du ham i krybbens hø /
som hyrder så, som hyrder så, /
da eier du nok til freidig å dø /
og leve på, og leve på.*

(Jonas Dahl)



Altarskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger.

Gudsteneste på Bombeneset

Av Henny Koppen

For andre år på rad arrangerer Oppstryn kyrkjelyd gudsteneste på Bombeneset. Gjennom Fjordingen hadde vi nettopp fått ei meiningsutveksling om rett namn på staden, så der var auka interesse for å sjå kvar dette var. Då gudstenestedagen kom, strøymde folk til, og det var ein stor flokk som samla seg under presenninngane som Birger, kyrkjetaren vår, hadde spent opp til ly for regnet. Regnet kom ikkje, men vi vart sitjande tett og dermed var det mykje lettare å delta i song og liturgi.

To born vart døypte denne dagen, og det gjorde sjølvsgatt sitt til at kyrkjelyden var talrik og særleg festkledd. Heile soknerådet stilte med mat til kyrkjekaffien, så det vart sett fram eit skikkeleg festbord då gudstenesta var over. Regnet let vente på seg, så denne gongen hadde vi både guds-



teneste og kyrkjekaffi på Bombeneset i opphaldsvér. Det nye soknerådet vil gjerne gjere dette til ein tradisjon, så neste år blir det nok ein ny sjanse til gudstenestefeiring i dette flotte området.

Foto: Alf Terje Glomnes.

Et juleminne

Av Elin Ytrehorn

Som barn bodde jeg 5 år i Afrika, i det som den gang hette Belgisk Bongo, en Belgisk koloni.

I dag heter landet Den Demokratiske Republikk Kongo (DR Congo). Mine foreldre var misjonærer og vi bodde på misjonsstasjonen Muganga i Øst-Congo. Vi var en familie på seks, mor, far, tre brødre og meg. Jeg var 9 år da vi kom til Muganga og overgangen fra Norge var stor. Vi kom dit om høsten og skulle feire vår første jul i et fremmed land. Vi bodde på Røros årene før utreisa, Røros med masse snø og kuldegrader, og så skulle vi feire jul i tropesvarme og troperegn. Barn har heldigvis gode evner til omstilling, men jeg husker godt at jeg savna snøen.

Vi hadde en fin ting vi gjorde for å late som vi hadde snø. Som juleforberedelse fikk vi barna utlevert lengder med hvit sytråd og bomull eller vatt. Så satt vi rundt bordet og knytte små vatt-dotter med ca. 10 cm mellomrom på sytrådlengdene. Disse lengdene var like lange som høyden på vinduene. Så hengte vi opp vatt-dott-snorene i vinduene, en 10–12 stykker i hvert vindu, og så forestilte vi oss at det snødde ute. Det ble så stemningsfullt og fint, og det minne oss om Norge.

Dessuten la vi flak av vatt i alle vinduskarmer, det minne oss om snøen som la seg overalt som et teppe. Det ga skikkelig julestemning.

Et annet minne var juletreet. Gran eller furu hadde vi ikke, men sypress var en god erstatning, og det pynta vi med julepynt som vi hadde med oss fra Norge. Vi gikk rundt treet og sang de gode, gamle norske julesangene og bl.a. «Du grønne glitrende tre, god dag». Jeg fikk et spesielt forhold til 2.vers: «Den første jul i et fremmed land, sin store stjerne Vårherre tente; den skulle vise vår jord at han den lille Jesus til verden sendte...» Jeg forsto på en spesiell måte at Jesus kom til vår jord, men Han hørte egentlig til i en annen verden. Jeg følte på en underlig samhørighet med Han. Vi var begge i et fremmed land.

Første juledag var også spesiell. De voksne deltok i juleotte, mens vi barna fikk sove. På formiddagen begynte ting å skje. De innfødte fra landsbyene omkring kom i flokk og følge til misjonsstasjonen, for nå var de invitert til fest. Misjonærene stelte i stand med festmat: en kalv var slakta og tilberedt på godt og smakfullt vis, og sammen med maniokk-grøt ble det et skikkelig festmåltid som ble servert ute i det fri. Det var et yrende liv på misjonsstasjonen, med stor stemning blant feststemte congolese.

Jul i Muganga i 1950 var noe ganske annet enn jul på Røros, men det var en stor og fin opplevelse for en norsk næring.



KYRKJEVALET 2019

Desse vart vald inn frå dei ulike krinsane

OPPSTRYN

Kathrina Elisabeth Flo	Leiar og vara til Fellesrådet
Astrid Palma Sandvik	Nestleiar
Sonja Skaare Esperø	Kasserar
Beate Øvreberg Glomnes	Sekretær
Birger Skåre	Fellesrådet
Kari Nielsen Berge	
1. vara Olaug Petra Samuelsen Mork	
2. vara Elin Hege Sunde	
3. vara Magnus Arne Glosvik	
4. vara Edvard Aarnes	
5. vara Johnny Stølen	

NEDSTRYN

Margaret Perdy Venøy Flo	Leiar
Øystein Myklebust Hesjedal	Nestleiar
Elisabet Bø Nesdal	Kasserar
Jarle F. Konstali-Lødemel	vara Fellesrådet
Silje Kristin Frøysa	Trusopplæringsutvalet
Marianne Lunde	vara TOU
Nina Ytreeide	
Vidar Stavik	
1. vara Jan Bakke Flore	Fellesrådet
2. vara Helga Renate Espe	
3. vara Arlinn Oddny Sanden	
4. vara Michelle Lindvik	
5. vara Lise Helen Hollsten	
Sekretær Olaug Tunold Aarøen	

LOEN

Kjell Edvin Solheim	Leiar
Anne Wathne	Nestleiar
Målfrid Karin Romsøe Sæten	Kasserar
Sissel Loen	Fellesrådet
Jorun Brattaker Loen	Trusopplæringsutvalet
Kari Haugen	TOU
1. vara Jørn Andre Moen	
2. vara Anne Merete Seime Rasmussen	
3. vara Knut Roar Skåden	
4. vara Ove Jan Sæten	
5. vara Egil Magne	
Sekretær Olav R. Faleide	

OLDEN

Reidun Marit Brynestad	Leiar
Jorunn Aa Myklebust	Nestleiar, vara Fellesrådet
Tove Kristin Vedlog	Kasserar
Arne Jostein By	Fellesrådet
Astrid Andrine Melheim	Trusopplæringsutvalet
Brita Olaug Kvamme	
Joar Sunde	
Leiv Arne Skarstein Egset	
1. vara Toril Skåre Osvik	
2. vara Erling Brikksdal	
3. vara Rune Fredheim	
4. vara Kristin Blindheim	
Sekretær Einar Åbrekk	

INNVIK

Solveig Nyberg Heggdal	Leiar
Jan Paulen	Sekretær, kasserar
Harald Petter Heggdal	Fellesrådet
Else Marit Nesdal Paulen	vara FR
Jill-Trude Dyrvang	vara TOU
Terje Raftevold	
1. vara Henning Skogstad	
2. vara Jon Arne Hilde	
3. vara Siv Anita Gjerde	Trusopplæringsutvalet
4. vara Oddbjørn Reme	
5. vara Torill Olaug Bennæs	

UTVIK

Leiv Tore Kårstad	Leiar
Berit Nesdal Hage	Nestleiar, vara TOU
Oddhild Hilde	Kasserar, vara FR
Mette Carlsen	Sekretær
Oddvar Veiteberg	Fellesrådet
Jorunn Skinlo Tisthamar	Trusopplæringsutvalet
1. vara Bjørg Njøsen	
2. vara Anders Olav Valaker	
3. vara Inger Gjerstad	
4. vara Tor Anders Hestad	
5. vara Lars Erik Hage	

RANDABYGD

Edvin Rand	Leiar, vara FR
Anne-Maren Takle	Nestleiar,
Inger Johanne Hopland	Trusopplæringsutvalet
Wenche Henden	Kasserar,
	Kirkens Nødhjelp-kontakt
	Sekretær,
	Fellesrådet, vara TOU
1. vara Irene Susann Stensaker	
2. vara Stig Ove Nesbakk	
3. vara Jakob Hammer	
4. vara Trine Rand	
5. vara Inger Anne Hopland	

NORDSIDA

Jorunn Beinnes Roset	Leiar
Bernt Ragnvald Veddegjerde	Nestleiar
Aslaug Håøy Nygård	Kasserar
Gunnhild Bergset	Fellesrådet
Ingvild Sætren	Trusopplæringsutvalet
Kjell Ove Bergset	
1. vara Rasmus Ivar Gald	
2. vara Nancy Britt Ulvedal	
3. vara Oddmund Teigland	
4. vara Berit Elsa Holen Nygård	
5. vara Lillian Gausnes Fenn	
Sekretær Oddvar Bergset	



Vi les Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus fortalte ofte historier. For å lære disiplane om kor glad Gud er i oss, fortalte han ei historie. Historia om ein som hadde gjort noko som var så dumt at han ikkje trudde nokon kunne vere glad i han lenger, og om far hans.

Ein far som venta



Kvar einaste dag hadde han gått der og speida etter sonen sin. Ikkje det at han venta han heim, men tenk om...

Han hadde to søner som han var veldig glad i. Eller hadde; han har framleis to søner. Men ein dag hadde den yngste sonen sagt: «Pappa, eg vil gjerne ha den delen av arven som fell på meg den dagen du døyr. No, med ein gong, sjølv om du ikkje er død..»

Han hadde delt eigedomen sin mellom dei to sønene. 1/3 til yngste sonen, og 2/3 til eldste sonen, slik skikken var.

Ikkje mange dagane etter at han hadde delt eigendomen, selde den yngste sonen alt det han eigde, og drog til eit land langt borte.

Faren tenkte ofte på sonen, men hørde aldri noko frå han. Ingen andre heller, ikkje før for nokre veker sidan. Då hadde ein av nabogutane vore på tur, og der hadde han møtt på nokon som hadde møtt sonen hans. Desse gutane kunne

fortelje at sonen hadde levd eit vilt liv og sløst bort formuen sin. Lenge hadde han vore «kongen på haugen», men då det vart uår og svolt i landet, fekk han problem. Då pengane tok slutt, var det ingen som brydde seg om han lenger. Det siste nokon visste om han, var at han hadde fått jobb hos ein grisebonde.

Faren var bekymra, og håpa sonen ville komme heim igjen. Han speida derfor alltid etter han. Men ingen son var å sjå. Ikkje før i år. Han hadde kjent han igjen på lang avstand! Han var blitt tynnare, og meir lutrygga, men det var ikkje tvil. Det var yngste sonen som gjekk der.

Han slapp det han heldt på med, og sprang han i møte, kasta seg om halsen på han og kyste han.

Det var bare så vidt sonen torde å møte faren sitt blikk. Og stemma var svak og dirra då han sa: «Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast sonen din lenger, men lat meg få vera som ein av leigekarane dine.»

Faren fekk ikkje fram så mange ord, men heldt godt rundt sonen sin, før han sa til tenarane: «Skund dykk! Finn fram dei beste kleda og ha dei på han, og lat han få ring på fingeren og sko på føtene. Hent så gjøkalven og slakt han, og lat oss halda måltid og feira. For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkommen og er attfunnen.» Og så tok festen og gleda til.



Nye rutinar for Hornindal ved overgangen til Volda

Frå nyttår vert det ikkje lenger eige kyrkjekontor i Hornindal. Hege Høibye vert ikkje lenger sokneprest for Hornindal, og kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg går over i sekretærstilling.

Per Kristian Hovden Sætre er tilsett som sokneprest i Hornindal, Austefjord og Storfjord/Bjørke, men sidan har held på med doktorgradsarbeid ved MF, skal han fullføre dette før han tek til i stillinga. Det vil seie at han startar først opp i byrjinga av 2021.



Sokneprest Per Kristian Hovden Sætre.

Prost Ingeborg Matre vil fungere som sokneprest i Hornindal i en overgangsfase, dvs. prosten møter på sokneråd og liknande, og har hovudtyngda av gudstenestene i Hornindal i starten av året.

VED DØDSFALL:

Ta kontakt med gravferdsbyrå, eller direkte til kyrkjekontoret i Volda i kontortida måndag – fredag kl. 10:00 – 14:00. **TLF: 70 07 40 90**

FOR INNMELDING AV DÅP:

Informasjon om dette finn de på heimesida til kyrkja i Volda

<https://www.volda.kyrkja.no> eller direkte til kontoret



Prost Ingeborg Matre.

Kontaktinfo. kyrkjekontoret i Volda

Volda kyrkjelege fellesråd

Telefon: 70 07 40 90

Adresse: Rådhusgata 6a

6100 Volda

Epost: kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no • <https://www.volda.kyrkja.no>

(meir utfyllande informasjon vil kome i neste nr.)

2. februar 2020. Ein bra dag å gifte seg på, eller? Kanskje kl. 02.20?

Kva med dåp, viss du har tenkt på det ei stund, eller kjem på det no?

Ta kontakt med kyrkjekontoret. *Dette blir ein søndag du vil hugse!*



Biskop Halvor Nordhaug.

Farvel og velkommen – Hornindal går over til Møre bispedøme

Første søndag i advent, den 1. desember, blir det feira ei historisk gudsteneste i Hornindal kyrkje med to biskopar til stades. Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, tar farvel med soknet, og biskop i Møre, Ingeborg Midttømme, helser Hornindal velkommen.

Hornindal songlag og kantorane og organistane i Volda bidreg med song i gudstenesta, preika blir ved biskop Halvor og vi skal overrekke nykkelen til kyrkja til det nye fellesrådet. Både prostane, Rolf Schanke Eikum i Nordfjord prosti og Ingeborg Matre i Søre Sundmøre prosti, deltek også, saman med organist Anitha Kvamme og sokneprest Hege Høibye.

Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi på Smia. Programmet er ikkje heilt sett i skrivande stund, men det blir underhalding og helsingar.



Biskop Ingeborg Midttømme.



Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

Hornindal kyrkjekontor (fram til årsskiftet)

Postadresse: Postboks 24, 6761 Hornindal

Besøksadresse: Smia

Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

E-postadresse: kyrka@stryn.kommune.no

Heimeside: www.stryn.kyrka.no

Hornindal prestekontor (fram til årsskiftet)

Nordsida - Randabygd - Hornindal

Tlf 57 87 98 33

Mobil 930 01 473

Sokneprest Hege Høibye

sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjeklokka

Web: www.kyrkjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal og Stryn kommunar

Stryn kommune

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

Tlf 57 87 61 84

Mobil 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

57 87 61 80 Telefonsentral

57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl

57 87 61 81 (Onsdagar) Sekretær Anne L.

Honningsvåg

Hornindal kommune

(fram til årsskiftet)

Kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg

Tlf 57 87 98 34

Mobil 970 84 120

Måndag og torsdag kl. 09 - 14

anne.lodemel.honningsvag@hornindal.kommune.no

Redaktør for dette nummeret er:

Olav R. Faleide

post@kyrkjeklokka.no

Forretningsførar

abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik

6788 Olden. Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenenten er frivilleg.

Vi takkar for betaling og støtte.

Innvik prestekontor

(fram til årsskiftet)

Olden - Utvik - Innvik

Stryn prestekontor

Loen - Oppstryn - Stryn

Tlf 57 87 61 85

Mobil 948 32 875/916 01 630

Sokneprest Henny Koppen

henny.koppen@stryn.kommune.no

Trusopplæring

57 87 61 83 Kateket

Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog

Martine Bø Solbakken

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Stryn kyrkjekontor byter lokale

Sidan sommaren 2017 har Stryn kyrkjekontor halde til i loka til den gamle helsestasjonen i 2. etg. I Rognehaugen 11 (Tonning vest). Før sommarferien 2019 vart det klart at Stryn vaksenopplæringssenter får permanente lokale i Tonning vest, og det noverande kyrkjekontoret inngår som ein del av det arealet.

OMBYGGINGA STARTAR 2. DESEMBER.

I ombyggingsfasen desember 2019 – mai 2020 blir kyrkjekontoret å finne i midlertidige lokale: i dei gamle apotekloala ved sidan av Bunnpris, i 1. etasje i Tonning Vest. Postadresse og telefonnummer er uendra.

Det er Stryn kommune som har ansvaret for å skaffe loka til kyrkjekontor, og det har vore ein god dialog mellom administrasjon i kommunen og kyrkja i denne prosessen, og vi meiner det no har kome til ei god løysing for permanente lokale frå mai 2020.

Det er inngått avtale om at kyrkjekontoret får «nye» loka i same etasje som vi no har vore, i 2. etg. Tonning Vest, men då med kontorfløy mot Kulturhuset. Dei nye loka omfattar m.a. den austlege delen av det som tidlegare var legekontor.

Dette arealet blir disponert av Vaksenopplæringa fram til dei får flytte inn i sine nye loka i april 2020. Deretter vert loka pussa opp og innreia for å bli tenelege kontor for Kyrkja i Stryn.

Vi ynskjer at kyrkjekontoret skal vere ein god plass å kome på besøk, om ein har eit ærend – i sorg eller glede, eller om ein berre vil stikke innom for ein prat. Velkomne innom kyrkjekontoret – der vi er!



Der det står Vitus Apotek er dei midlertidige loka til Kyrkjekontoret.

Henny Koppen



TANKAR LANGS VEGEN...



I det siste har eg absolutt vore på vegen, eg har bussa på kryss og tvers i Armenia, i det første landet som vedtok kristendommen som statsreligion. Dette skjedde år 301, men grunnlaget var lagt alt få år etter Jesu død, då to av lærersteinane hans, Taddeus og Bartolomeus reiste til området og vart verande der som kristne vitne.

Men det var ikkje desse to som vart hovudpersonar under besøket i Armenia, det var, overraskande nok to nordmenn, som armenarane set svært høgt. Eg må medgi at den eine høyrd eg om for første gong, av guiden som tok i mot oss.


Desse to var Fridtjof Nansen og Bodil Catharina Bjørn. Begge var aktive i hjelpearbeidet i Armenia, etter det store folkemordet i 1915–17, som var gjennomført av Tyrkia for å utslette det kristne, armenske folket. Både Nansen og Bjørn var vitne til dei lidingane det armenske folket var utsette for, og dei sette seg føre, på kvar sitt vis, å hjelpe.

Nansen var nok aller best kjend for Nansen-passet, som han fekk innført for å hjelpe flyktningar heim til Armenia etter 2. verdskriga. Bjørn var sjukepleiar og jordmor, og ho er kjend som grunnleggar av fleire barneheimar, og skular der kvinner fekk lære å lese. Ho opplevde folkemordet på nært hold, og har dokumentert det ho opplevde gjennom dagboksnottar og fotografi.

Å kome til Armenia som norsk turist vart ei blanda oppleveling. På den eine sida møtte vi denne hyllestenen av dei to nordmennene som hadde utretta så mykje godt, på den andre sida måtte vi skamme oss over at Norge ikkje har anerkjent folkemordet, og dermed let vere å stille med politisk nærleik under 100-årsmerkinga i Jerevan.

Medan vi var i Armenia gjekk Erdovan inn i Syria for å drive vekk kurdarane i eit stort område. Og Jens Stoltenberg, generalsekretær i FN gjekk ut og sa at han kunne forstå Tyrkia. Og sjølv om ikkje eg forstår Tyrkia, så skjønar eg at det kan vere mange omsyn å ta når ein med stort ansvar skal uttale seg.

Kvifor vart dette mi «langs-vegen-fortelling» denne gongen? Det har med Nansen og Bjørn å gjere. Det har med oppdaginga av kva eitt menneske kan utrette dersom ein verkeleg går inn for det. Det har med det kristne menneskesynet å gjere, vissa om at alle menneske er like mykje verdt. Det har med oppmodinga frå Jesus å gjere, om å gi dei svoltne mat og dei tørste drikke. Han bad oss ta imot dei framande, kle dei nakne, besøke dei sjuke og dei som sit i fengsel. (Matt 28, 34–40) Dette er det vår kyrkje vil og skal stå for, no og i framtida, at vi viser omsorg, at vi gjer det vi kan for å hindre liding og naud, og at vi held alle menneske fram som like viktige og like verdifulle.



Fridtjof Nansen (1861–1930)



Bodil Bjørn (1871–1960)



NANSENPASS var eit internasjonalt anerkjent identitetsbevis, utferda av Folkeförbundet til statslause flyktningar.

Nansenpasset vart innført i 1922 etter initiativ av Fridtjof Nansen, og var i 1942 godkjent av 52 land som det første godkjende reisedokumentet for statslause flyktningar.

Frå 1931 vart Nansenpassa utferda av Det internasjonale Nansenkontoret i Genève i Sveits, fram til i dag om lag 450 000. For denne innsatsen for statslause flyktningar blei Nansenkontoret tildelt Nobels Fredspris i 1938.

Nansenpasset vart til i samband med flyktningstraumen etter første verdskrig og ut av Russland etter den russiske revolusjonen. Nansenpass blir ikkje lenger utferda, men FN syter i dag for reisedokument for statslause flyktningar.

(Wikipedia)



LITURGISK HJØRNE

Av sokneprest Hege Høibye



SANCTUS

I julenummeret av kyrkjeklokka i fjor skreiv eg om englesongen frå Betelhemsmarkane som vi syng i gudstenesta: Gloria. Men det er ein englesong til vi syng, og som er del av nattverdsfeiringa. Det er det trefaldige Sanctus: Heilag, heilag, heilag ...

Sanctus er ein del av nattverdsbøna – som vi såg sist, og det er kyrkjelyden som syng den saman med englane og med kyrkjelyden i himmelen og på jorda, slik vi seier i orda som leier opp til songen: «Ved han lovsing englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:»

Sjølvé songen er henta frå to stader i Bibelen. Den første delen er henta frå fortellinga om korleis profeten Jesaja vart kalla. Han såg eit syn, og i det synet såg han Gud sittande på ei trone medan kanten av kappa hans fylte tempelet. Rundt

han var serafar, englar med seks venger, og dei song: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. Heile jorda er full av hans herlegdom.» (Jes 6,3)

Den andre delen er henta frå Jesu inngang i Jerusalem palmesøndag – men og ein tekst vi les første søndag i advent. Der syng folket som tek imot han med hosiannarop: «Velsigna vere han som kjem i Herrens namn!» (jf. Joh 12,12–14 eller Matt 21,1–11).

Dei to delane bind saman biletene av Gud på trona og den inkarnerte Gud, Jesus som kjem til oss i kjøt og blod. I nattverden bøyer Gud seg ned til oss, men vi blir også lyfte opp til han.

Eit anna ord for nattverdsbønen er *anaphora*, eit gresk ord som tyder både å løfte opp og å gjenta. Når vi syng med englane og gjentek dette ordet 'heilag', blir vi løfta opp og kan få ei smak av den himmelske festen som nattverden er. Her kjem himmel og jord saman, og vi står framfor Guds trone.

Storfamiliesamling med middag og «søndagsskule»

Så langt i haust har vi hatt to familiesamlingar. Storfamiliesamling er ei samling med enkel heimelaga middag, hobbyaktivitet og samling med bibelfortelling, song og skattekiste. Så langt i haust har vi hatt to familiesamlingar. Storfamiliesamling er ei samling med enkel heimelaga middag, hobbyaktivitet og samling med bibelfortelling, song og skattekiste.

Samlingane har vore i Betania torsdagar kl. 16.30-18.00. Første gongen var vi 15 personar, andre gongen var vi 20, og her er plass til fleire! Det er gratis for born, og så tek vi 50 kr pr. vaksen for middag.

Vi har valt å kalle det storfamiliesamling, for å presisere at her er det plass for alle, familiarer er store! Vi vil ha med barn, foreldre, besteforeldre, og alle andre som har lyst. Samlinga er ikkje berre for familiar i Stryn sentrum, alle frå indre Nordfjord er velkomne.

Vi har også begynt å kalle nokre av gudstenestene våre for storfamiliegudsteneste. Vi ønskjer å skape eit familiemiljø – også på gudstenestene.

VIL DU HJELPE TIL? Så langt har vi klart å lage middag og rydde opp sjølve, men vi ser at det skal ikkje kome mange fleire før vi vil trenge litt hjelp på kjøkkenet! Vi lurar derfor på om det kanskje er nokre «besteforeldre» der ute, som kunne tenke seg å være med å ta litt kjøkkenteneste? Ta kontakt med Beate eller Henny.

PLANLAGDE DATOAR: 5. desember, 16. januar, 13. februar og 2. april.



Foto: Beate Nes.



Konfirmantjubileum i Utvik

Kari-Anne Tisthamar Haveland



Søndag 8. september var det konfirmantjubileum for Utvik og Innvik sokn. Dei som vart konfirmert i sokna for 50-, 60-, 70- og 80 år sidan var inviterte til jubileumsfeiring, og fleire av 50- og 60-års jubilantane møtte fram denne fine haustdagen. Det var gudsteneste i Utvik kyrkje, der jubilantane og årets konfirmantar vart presenterte. Ein del av «Felejentene» fra Utvik deltok med flott musikk. Etter gudstenesta vart det servert god middag, kake og kaffi på Kafé Sjøatunet. Praten gjekk lett rundt borda, og gamle minner og historier vart delte. Mange gav uttrykk for at dei sette pris på arrangementet, og at det var hyggeleg å sjå kvarandre igjen.

50-årsjubilantane

Bak f.v: Lars Arne Hilde,
Terje Myklebust, Asbjørn Paulen,
Eirik Kårstad.
Framme f.v: Gro Melkevoll,
Gunnvor Hage Linde, Olaug Berge,
Olaug Marit Svarstad Aspdahl



60-årsjubilantane

Første rad f.v.:
Reidun Tvinnereim,
Jorunn Teigen,
Gunnhild Fjellvang.
Andre rad f.v.:
Ingrid Torheim Tøsse,
Margunn Frøholm Skiftesvik,
Grete Hilde Gundersen,
Berit Ødegård Gloppestad,
Jorunn Hopand Vanberg,
Kari Laila Skrede,
Ingebjørg Carlsen,
Nelly Margrethe Skogstad.
Tredje rad f.v.:
Jens Nesdal,
Harald Tisthamar,
Petter Kjell Nesdal,
Asbjørn Hage.

Konfirmantjubileum i Olden

Møyfrid Sømme Kvamme



60-årsjubilantane

Framme f.v: Helga Egset, Marit Oddlaug Bakkelid, Britt Helene Indresøvde, Bjørg Fløtre og Anne Berit Taklo. Bak f.v. Sokneprest Harald Runde, Johan Fredheim, Olav Vangberg og Jostein Beinnes.



Det er kjekt å kunne invitere tidlegare konfirmantar til jubileum. I år var både 50, 60, 70 og 80-års jubilantane til stades på gudstenesta i Olden kyrkje søndag 1. september. Etter gudstenesta var det samling på Olden Fjordhotell, med god middag, kaffi og blautkake, og ikkje minst god prat rundt bordet. Oppmøtet var godt, og 50-års jubilantane var i år omlag fulltalige. Før oppbrotet fortalte Harald korleis konfirmantopplegget er i dag; eit opplegg ganske ulikt det Selma Kvame følgde for 80 år sidan då ho stod som konfirmant. Under kaffien fortalte Selma om konfirmanttida si, og vi vart minna om den lange reisevegen ho hadde frå Oldedalen ned til Olden kvar onsdag gjennom heile sommaren. Vi hadde ei fin stund i lag og takkar Olden Fjordhotell for god mat og service.



F.v. Sokneprest Harald Runde, 80-årsjubilant Selma Kvame og 70-årsjubilant Dagny Skarstein Loen.

50-årsjubilantane

Framme f.v. Sissel Kristiansen, Irene Håheim, Anne-Kristine Muri, Anna Yri og Anny Marie Egge. Midten f.v. Åse Madsen og Margit Hatledal. Bak f.v. sokneprest Harald Runde, Einar Myklebust, Svein Kvame, Arne Sandnes og Erling Briksdal.

Julemesse i Betania

Av Solveig Lunde Rønne, leiar i Nedstryn kyrkjering

Laurdag 30. november held Nedstryn kyrkjering julemesse i Betania i Stryn

Det er ein fin tradisjon å starte adventstida med julemessene, og for mange er julemessene ein kjekk og populær samlingsplass. I år vert messa arrangert for 41. gong.

Det er god mat i kafeen, og ein treffer kjende. På messa sel vi kaker, delikatesser, kransar og handarbeid. Vi har loddosal, åresal og ein koseleg kafé, og vi håpar på besøk av det nystarta Stryn barnekor! Dei syng med stor glede og innleiving!

Inntektene frå messa går til det kristne barne- og ungdomsarbeidet i Nedstryn sokn. I fjor delte vi ut kr 60.000 av overskotet til soknerådet, til speidarane i Stryn KFUK-KFUM, til Sight Sing, barnekoret og til trusopplæringa. Leiarane for det kristne barne og ungdomsarbeidet i Stryn gjer ein imponerande jobb, og det er mange born og unge som nyttar seg av desse tilboda.

Dert er ikkje gratis å drive dette arbeidet. Av denne grunn tykkjer vi i kyrkjeringen at det er viktig å støtte arbeidet deira økonomisk. Pengane vi gjev til soknerådet vert mellom anna brukt til løn for trusopplæring, bok til 4-åringane og 6-åringane, Det nye Testamente til femteklassingane og til brudebiblar.

Styret i kyrkjeringen er takksame for den store velviljen vi møter for julemessene. Vi vil takke alle som støttar oss ved å gje oss gevinstar, bake, lage varer til messa, kjøpe lodd, og ved å møte opp i Betania.

Hjarteleg velkomme til julemesse Betania **laurdag 30. nov.**



Ny kyrkjelydsstove i Hornindal

Hornindal kyrkjelyd har hatt kyrkjelydsstova i gamle Kirkhorn skule. Kyrkjelydsstova vart òg brukt av Hornindal Sanitettslag. For ei tid sidan selde Hornindal kommune skulen til private, og kyrkjelyden og sanitetslaget måtte sjå seg om etter nye lokale.

Styret for kyrkjelydsstova og sanitetslaget ønskjer framleis å samarbeide om felles lokale.

Etter å ha vurdert fleire alternativ, har styra for kyrkjelydsstova og sanitetslaget teke kontakt med Foreininga Grobygget med førespurnad om lokale der. Dei har fått tilbod om lokale i sørrenden av bygget. Her vil kyrkjelyden få fine, lyse og romslege lokale med fint uteområde i Groparken og fin utsikt mot Hornindalsvatnet.

Etter salet av Kirkhorn skule fekk Styret for kyrkjelydsstova økonomisk kompensasjon frå Hornindal kommune. Dette er ein kjærkomen startkapital. I tillegg hadde soknerådet og sanitetslaget kafé på Kulturdagane. Inntekta skal gå til oppussing av nye lokale i Grobygget, og Styret arbeider no med teikningar for dei nye lokalene. Det er litt uvisst kva tid dei får byrje å pusse opp. Kommunen må først gjere noko grunnarbeid utanfor huset, og når det er gjort, skal det lagast offentleg toalett. Når det er på plass, kan kyrkjelyden og sanitetslaget byrje arbeidet med nye lokalene.

Ein ser fram til å starte arbeidet i løpet av komande år. Det



Fra venstre Irene Løvdal Lillestøl, Grete Valheim, Laila Støve Otterdal og Elsa Aslaug Ommedal. I bakgrunnen Aud Øie t.v og leiar i Hornindal Sanitettslag, Jorunn Anne Remme Tomasdard. Foto: May-Helen Lødemel Flaten.

vil verte mykje dugnadsarbeid, så styret for kyrkjelydsstova og sanitetslaget vil oppmøde alle om å stille seg til disposisjon!

4-årsbok og sjørøvarfest!



Tradisjonen tru har 4-åringane fått 4-årsboka si denne hausten, og det har vore utdeling i lokale kyrkjer. Trusopplæringa arrangerte sjørøvarfest for 4-åringane i Nedstryn kyrkje i september. Det var skikkeleg spennande å gå på skattejakt og finne ei kiste full av gullpengar og diamantar!! Men for å finne den aller største skatten måtte ein sjå etter sitt eige spegelbilde i døypefonten. Det vart òg pølsefest, fiskedam, bibelforteljingar, lystenning, teikning og takkebøner. På veg heim kunne 4-åringane knipe godt rundt den vesle diamanten som skulle minne om at kvar og ein av oss er Guds diamantar.

Tekst og foto: **Martine Bøe Solbakken**



Martine på Aabrek og Nathanael
på Kvamme fekk 4-årsboka på
hausikkagudstenesta i Ljosheim.
Det kan vera både
skummelt og spennande!

Solveig Aaberg

Foto: Ingeborg Aabrek.

Førsteklasses gudsteneste, 6-årsbok og førsteklassesklubb

Det var mange spente 6-åringar som kom til kyrkja for å få 6-årsboka si. Raud løpar, ballongar og «fyrverkeri» gjorde gudstenesta til ein fest! Heile kyrkjelyden fekk blant anna høyre forteljinga om kyrkja sine skattar, og etterpå var det kyrkjekaffi på golvet i midtgangen. Stileg!

Førsteklassingane har òg blitt invitert til førsteklassesklubb i haust. Dette er ein fridisklubb med to samlingar i året, med bibelforteljing, mat, aktivitet, leik og song. På samlinga fekk 6-åringane prøve seg som «blind» etter å ha hørt forteljinga om blinde Bartimeus som fekk att synet. Det var godt å kunne sjå igjen etter at augebindet vart teke av. Bodskapen «Eg er unik og skapt av Gud» vart jobba med ved å måle sjølvportrett på ein tallerken. Sjå kor fine tallerkenane vart!

Ut på vinteren vert seksåringane invitert til klubb igjen, i Betania (Stryn) eller i Solvang (Olden). **Foto: Martine Bøe Solbakken.**



Min salme

Av Christine Helgesen Hauge

Ingemanns tekst vart første gong offentleggjort i Dansk Kirketidende i 1850 med overskrifta «Pilgrimssang». Den er inspirert av en tysk, katolsk folkesong fra 1600-tallet, «Schönster Herr Jesu».

*Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
skjønn er sjelenes pilegrimsgang!
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradis med sang.*

*Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang;
aldri forstummer
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden,
menneske, fryd deg!
Oss er en evig Frelser født!*



Den danske salmediktaren og forfattaren Bernhard Severin Ingemann (1789 – 1862) var i samtidia like kjend som forfattar av historiske romanar, men i ettertida betre hugsa for salmane, dikta og songane han skreiv. Kritikaren Georg Brandes sa om Ingemanns songar at «hans morgen- og aftensange er uforgængelige». Av dei mange salmane han skreiv for barn hugsar vi nordmenn kanskje best «Nu titte til hinanden», «I Østen stiger solen op», «Julen har bragt velsignet bud». I dag er vel «Deilig er jorden» den vi syng mest. Ingemann arbeidde ved Sorø Akademi, der han var lektor i dansk språk og litteratur. M.a. skreiv han «Morgensalmer til Brug for Eleverne i Sorø Academies Skole» (1822) og «Morgensange for Børn» (1837).

«Deilig er jorden» er ein av dei vakraste salmane eg veit. Dette er nok mykje fordi den er tett knytt til gylne barndomsminne. Tonen er nydeleg og passar svært godt til fleire stemmer, noko som eg set pris på sidan eg er glad i korsong. Denne salmen er for meg som for mange andre, først og fremst forbunde med jul, sjølv om den opprinnlege ikkje var skiven som ein julesalme.

Familien min har lang tradisjon med å gå rundt treet på julekvelden. Då syskena mine og eg var små, gjekk det konkurranse i å dra ut spenninga før pakkane skulle opnast, det var om å gjere å synge så lenge som mogeleg. «Deilig er jorden» var alltid siste song rundt juletreet, og alle kunne alle versa. Yndlingsstrofa mi i songen kjem heilt til slutt: «Fred over jorden, menneske fryd deg!»

*Til å skrive om «min salme» neste gang, utfordrer jeg:
Elin Ytrehorn, Hornindal.*

Konfirmantåret 2019/2020


Det har vore ein fin start på konfirmantåret i indre Nordfjord, med blant anna aktivitetsdag på Vereide, presentasjonsguds-tenerester, nattcup i Vågsøy, hausttreff på Nesholmen, teneste-oppgåver i gudstenester og konfirmantundervisning. I år har vi desse gruppene: Friluftskonfirmant, musikk-konfirmant og undervisning rett etter skulen (i Betania, Solvang og Hornindal kyrkje). I oktober hadde vi temaet «Bibelen», og her får de sjå nokon av bidraga i bildeprosjektet vårt.




Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!
matteus 11,28



«Det finst ikkje frykt i kjærleiken. Den fullkomne kjærleiken driv frykta ut. For fryktar ber straffa i seg, og den som fryktar, har ikkje vorde fullanda i kjærleiken.» 1. Joh 4:18



Jesus seler «Eg er lyset i verda. Den som følger meg, skal ikkje vandre i mørket, men ha livsens lys.
Johannes 8,12



Oddny under open himmel



Av

Oddny Torheim

Glimt frå misjonsmarker

I løpet av eit år les eg ein del litteratur frå arbeid som misjonærar driv. Det er mykje å lære om kulturar. Vi er snare til å samanlikne med våre levemåtar og kulturelle aktivitetar. Vi treng å bli opp gradert. I kvar dagen møter vi ikkje så mykje slikt stoff.

FRÅ HAUSTTAKKEGUDSTENESE I KAMERUN

I Kamerun har dei stor hausttakkegudsteneste i november. Det er fest og alle må kle seg i fine klede. Alle har med gåver til kyrkja. Nokre gjev jordbruksråver som vert selde, nokre gjev dyr og nokre gjev pengar.

Gåande eller dansande og syngjande kjem dei inn med gåvene. I ei kyrkje kom det til slutt inn ein som bar ein levande sau over skuldrane, deretter kom ein med ein gris og til slutt ein med ei gås. Det var litt av eit skode, og der var mykje latter.

Dei har godt humør sjølv om fattigdomen er stor.

IKKJE RAUDE HJARTE

Føre jul pyntar vi kort og brev med rauda hjarte, og i julreet hengjer vi rauda hjarte som er laga på ulike måtar. Hjarte illustrerer kjærleik. Det var undervisning i Mali. Mykje handla om Gud og hans kjærleik, godheit og omsorg, illustrert med rauda hjarte. Men raudt er ikkje fargen i Mai. Der symboliserer raudt: raseri, sinne og därlege nyhende.

Ein misjonær som ikkje var orientert om fargebruken, skreiv eit brev til ein av vaktene sine med raud penn. Vakta vart vitskremd. Kva kan dette vere? Oppseiing? Informasjon om dødsfall? Han torde ikkje opne brevet, men gjekk til ein ven, så dei var to då dei opna. Til stor forundring stod det ikkje noko skummelt i brevet. Ein kollega forklarte: «For mi folkegruppe betyr eit raudt hjarte at Gud er sint og rasande.» Det vart gjort ei spørjegranskning for å finne ut kva folk tenkte om raude hjarte og raud skrift. Ein kamerunsk kollega svarte slik: «Gud er kvit, Heilag og har eit kvitt hjarte.»



Ei sann julefortelling

Ein juledag ettermiddag stod det ei ung kvinne på trappa til misjonæren. Ho ville takke for at ho hadde fått vore med å feire jul for første gong i sitt liv. Ho hadde aldri hørt om jul før. Evangeliet om han som vart fødd julenatt, Jesus, var ukjent. No hadde ho hørt og sett juleevangeliet. Ho hadde sunge og dansa jul saman med kyrkjelyden i Gadjiwan. Ho måtte få takke.

Ein månad tidlegare skulle ho føde eit barn. Det døydde i mors liv og rotningsprosessen starta. På sjukkestova kunne dei ikkje hjelpe. Der var redsel og smerte å lese i kvinnas sitt ansikt. Nærmaiste sjukehus var 21 mil borte, og einaste sjåføren med bil i landsbyen var den kvinnelege misjonæren. Ho køyrdet tur-en på 7–8 timer på därleg veg. Redde og kjempande menneske var med. Ho som hadde mista barnet sitt vart straks operert, og det gjekk bra.

Eit par dagar seinare var dei på veg tilbake. Då dei kom til landsbyen der kvinnen hadde vakse opp, stansa dei for å fortelja korleis det hadde gått. Ho lever! Slektingar dansa og klappa i hendene. Kvinnen og sjåføren fekk mange klemmar. Nokre kom springande med egg, bananar, søtpoteter og peanøtter.

Ei gamal kvinne, truleg den eldste i landsbyen, kom bort til sjåføren. Alle stod stille og såg på. Den gamle tok begge hendene hennar i hendene sine, lyfte dei opp til munnen og spyttar på dei, klemde hendene og såg opp på ho. Så slepte ho hendene og steig ei par steg attende. Misjonæren vart forskrekka, men det vart eit minne om ein måte å takke på, som var heilt ukjent for henne. Seinare vart det fortalt: «Dette er den sterkeste måten å uttrykke takk på her. Ho velsigna deg.»

Lat oss be for misjonærane og arbeidet deira!

Rom for morskjærleik

Av Beate Nes

(Sitat givarbrev: Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har eit stort håp for dottera mi)

Som ein oase midt i det kaotiske sjukehuset, ligg eit lite rom med sengeplass til seks nybakte mødrer. Der får dei ro, hjelp og kvile. Og kanskje augekontakt med babyen sin for aller første gong.

Tekst: Anette Torjusen

Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

Vi ser den vesle bylten med ein gong. I eit mjukt blått teppe mot den glisne plastmadrassen på senga av stål. Ein dag gamal. Mora sitter bøygð over jenta si, og blir liksom al-dri ferdig med å stirre. Små grynt, nokre få rørsler med hendene, før sovnen igjen tar overtak. Det er roleg, stille og berre mumling i rommet. Opnar vi døra, ser vi eit folkehav av travle legar, pasientar og pårørande.



Morskjærleik: Fatoma er stolt mor til vesle Caaltuu, som er berre ein dag gammal.

VIKTIG Å FØLGJE DEI OPP

Det er ikkje så rart at alle spring, for sjukehuset Melka Oda i Shasamane skal gi helsehjelp til 400.000 menneske. På for liten plass og med for få tilsette. Men eit problem er løyst, og det er kor dei skal gjøre av nybakte mødrer. For det var ei skikkeleg nøtt. Det var ingen ledige rom nokon stad på sjukehuset. Løysinga vart eit heilt nytt bygg midt på gardsplas-sen. Ikke stort, men akkurat passe. Med støtte frå Kirkens Nødhjelp og samarbeidspartner Tamra.

– For to år sidan hadde ikkje kvinnene som skulle føde eller hadde født, nokon stad å vere på sjukehuset. Men takka vere samarbeidet har vi no dette rommet. Det er i bruk heile døgnet, seier doktor Hawi Kidanu.

Berre i august i år vart det fødd 500 babyar ved sjuke-huset.

– Det er så utruleg viktig at vi kan følgje dei opp etter fødselen. Slik at dei kjem i gang med amminga, får gitt barna vaksiner og den helsehjelpa dei treng, forklarar ho.

Sidan pågangen er så stor, kan dei berre vere der i 24 timer etter fødsel.

– Vi skulle gjerne hatt dei der lenger, men vi får gjort mykje på 24 timer. Ikkje minst fortalt dei om at vi har helse-stasjon og tett oppfølging av mor og barn på sjukehuset.

EIN HEILT NY START

Omringa av mor og søster, ligg 20 år gamle Fatoma Faya-sa i ei av dei seks sengene. Sjølv om det korkje er laken eller pute på plastmadrassen, har familien sørget for at ho ligg godt og mjukt.

Hun skulle eigentleg føde på ein klinik i landsbyen der ho bur, men ein dag gamle Caaltuu hadde ingen planar om å vente. Under eit besøk hos søstera i Shashamane, byrja plutselig fødselen. Då bar det rett til nærmeste sjukehus. For 46 kilometer vart for langt å reise på humpete vegar.

– Eg var veldig spent på korleis det skulle gå, sidan dette er det første barnet mitt, men det gjekk så fint, smilar ho.

Mange på hennar alder har allereie fleire barn, men sjølv har ho vore nøyne med prevensjon.

– No passa det bra med barn. No var vi klare for å starte ein familie, seier Fatoma, som jobbar som bonde.

Tre svangerskapskontrollar har ho vore på. Ho har vore nøyne med det for å ta vare på si eiga helse og babyen i magen.

No nyt ho den første dagen som mor på sjukehuset.

– Dei tilsette på sjukehuset har vore heilt fantastiske mot meg. Dei har passa på både meg og babyen min her i dette rommet. Eg har kjent meg trygg heile tida.

Ho trekk fram den første natta som spesielt viktig. For det er ikkje så enkelt å kome i gang med amminga heilt åleine.

– Eg er så glad for at eg fekk vere her med dottera mi.

Fatoma har store draumar for Caaltuu, for ho har ikkje lang skolegang sjølv. Berre fire år.

– Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har ei stort håp for dottera mi. Eg har alltid ønska meg meir utdanning og ville bli lege, men måtte arbeide på garden. Eg synest det er så morosamt å lære.


No er ho mor for aller første gong, og seier ho har fått tru på ei annleis framtid.

– Det å ha fått ei dotter, betyr ein heilt ny start.

Sjukehuset i Shashamene i Etiopia blir støtta av Kirkens Nødhjelp. Sidan sjukehuset er så fullt, vert også venteromma brukte til barselavdeling.

SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- **Vipps** eit valfritt beløp til 2426.
- Send **GAVE** på sms til 2426 og gi 200 kroner.
- **Gåvekonto:** 1594.22.87248



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar.

Nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis «Fjordingen».

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja!

24. november; Domssøndag / Kristi kongedag – Joh 9, 39-41

Nordsida 11.00 Lys Vakengudsteneste. For Randabygd og Nordsida. Ved Hege Høibye.

01. desember; 1. s i advent – Matt 21, 1-11

Nedstryn 11.00 Lys Vakengudsteneste. Ved Henny Koppen.
Loen 11.00 Lys Vakengudsteneste. For Olden og Loen.
Ved Harald Runde.
Hornindal 11.00 Overleveringsgudsteneste i samband med at Hornindal går frå Bjørgvin til Møre bispedøme.
Biskopane i Bjørgvin og Møre, prostane og prestane vert med. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.
Innvik 16.00 Adventsgudsteneste. Ved Harald Runde.

08. desember; 2. s i advent – Joh 14, 1-4

Oppstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Grendahuset,
Randabygd 12.00 Gudsteneste og basar. Ved Hege Høibye.
Olden 16.00 Julekonsert.

15. desember; 3. s i adventstida – Matt 11, 2-11

Nedstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Utvik 16.00 Julekonsert.
Loen 18.00 Julekonsert.
Innvik 18.00 Julekonsert.

18. desember; onsdag

Hornindal 19.30 Julekonsert med lokale krefter.

22. desember; 4. s i adventstida – Luk 1, 46-55

Oppstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Ljosheim,
Oldedalen 11.00 Førjulsgudsteneste. Ved Harald Runde.
Nordsida 15.00 Julekonsert.
Nedstryn 20.00 Julekonsert.

24. desember; Julafcta – Luk 2, 1-20

Randabygd 13.00 Julegudsteneste. Ved Hege Høibye.
Loen 14.00 Konsert og 14.30. Julegudsteneste.
Ved Henny Koppen.
Olden 14.00 ? Julegudsteneste. Ved lek gudstenesteleiar.
Utvik 14.00 Julegudsteneste. Ved Harald Runde.
Nordsida 15.00 Julegudsteneste. Ved Hege Høibye.
Innvik 16.00 Julegudsteneste. Ved Harald Runde.
Oppstryn 16.00 Julegudsteneste.
Nedstryn 16.15 Julegudsteneste.

25. desember; Juledag – Joh 1, 1-14

Nedstryn 08.00 Juleotte. Ved Henny Koppen.
Olden 12.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde.
Hornindal 12.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Hege Høibye.
Oppstryn 13.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Henny Koppen.

26. desember; Stefanusdagen / 2. juledag – Matt 2, 16-23

Misjonsheimen,
Innvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.
Nordsida 12.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Hege Høibye.

29. desember; Romjulssøndag – Matt 2, 13-15

Betania, Stryn 11.00 Gudsteneste og juletregang.
Ved Henny Koppen.

31. desember; Nyårsafta – Luk 13, 6-9

Hornindal 15.00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

2020

01. januar; Nyårsdag / Jesu namnedag – Luk, 2, 21

Nedstryn 12.00 Internasjonal gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Utvik 12.00 Nyttårsgudsteneste. Ved Harald Rund.

4. januar; laurdag

Omsorgsenteret,
Hornindal Jule- og nyttårsfest.

5. januar; Kristi openberringsdag – Matt 2, 1-12

Olden 11.00 Gudsteneste med minne av dei døde 2019.
Ved Harald Runde.

Nordsida 11.00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

12. januar; 2. s i openberringstida – Matt 3, 13-17

Oppstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Innvik 12.00 Gudsteneste med minne av dei døde 2019.
Ved Harald Runde.

19. januar; 3. s i openberringtida – Joh 2, 1-11

Nedstryn 11.00 Speidargudsteneste. Ved Henny Koppen.
Utvik 11.00 Gudsteneste med minne av dei døde 2019.
Ved Harald Runde.
Hornindal 11.00 Gudsteneste. Ved prost Ingeborg Matre.
Loen 15.00 Årsfest og gudsteneste.

26. januar; 4. s i openberringstida – Luk 18, 35-43

Olden 16.00 Ung messe. Ved konfirmantar og stab.

02. februar; 5. s i openberringsti Mark 2, 1-12 /

Kyndelsmesse – Luk 2, 22-40

Nedstryn 11.00 Gudsteneste. Tårnagentane deltek.
Ved Henny Koppen
Olden 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

09. februar; Såmannssøndag – Luk 8, 4-15

Oppstryn 11.00 Gudsteneste / kyrkjehelg for funksjonshemma.
Ved Henny Koppen.
Innvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.
Nordsida 11.00 Karnevalsgudsteneste. Ved Hege Høibye.
Hornindal 11.00 Gudsteneste. Ved prost Ingeborg Matre.

16. februar; Kristi forklaringsdag – Matt 17, 1-9

Nedstryn 11.00 Gudsteneste.
Utvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

23. februar. Fastelavnsøndag – Joh 17, 20-26

Loen 11.00 Gudsteneste ved Hege Høibye.
Ålandsleite,
Randabygd 14.00 Friluftsgudsteneste.

26. februar; Oskeonsdag – Matt 6, 1-6, 16-18

01. mars; 1. s i fastetida – Matt 4, 1-11

Nedstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Olden 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.
Hornindal 11.00 Gudsteneste.
Oppstryn 20.00 Salmekveld. Ved Henny Koppen.

Framhald neste side:



Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

OLDEN

DØYPTE:

29.09. **Alfred Mykløen Sunde.**

For. Andreas Sunde og
Anne Mykløen.

DØDE:

31.08. Kjellfrid Solheim f. 1932
14.10. Nanfrid Løken f. 1930

LOEN

DØYPTE:

01.09. **Halvor Bergset Hjelle.**

For. Gudrun Sætre Bergset og
Lasse Hjelle.

14.09. **Iben Sæten Myklebust.**

For. Hildur Sæten og
Alexander Heldorf Myklebust.

UTVIK

DØYPTE:

20.10. **Simon Alexander Heggdal.**

For. Odd – Roger Heggdal og
Simona Vasilioglu.

DØDE:

16.10. Gerd Myklebust f. 1956

INNVIK

DØYPTE:

15.09. **Svanhild Heggdal.**

For. Jan Erik Heggdal og
Synnøve Halsteinslid Blei.

DØDE:

02.09. Michael Brendan Randles f. 1944

OPPSTRYN

DØYPTE:

25.08. **Kristian Sandbakk.**

For. Silje Kristin Guddal og
Malvin Ivar Sandbakk.

25.08. **Audun Bøe.**

For. Rita Gausemel og Gisle Bøe.

20.10 **Agnes Krumsvik Guddal.**

For. Merete Ommedal Krumsvik og
Mons Rune Guddal

20.10 **Alma Sandbakk.**

For. Therese Svarstad og
Elias Bernhard Sandbakk

20.10 **William Kveen-Bakkebø.**

For. Hege Kveen og Andreas
Oppheim Bakkebø.



HORNINDAL

DØYPTE:

27.10. **Eline Hole Brekke.**

For. Silje Hjellbakk Hole og
Jan Roger Brekke.

27.10. **Emrik Saltkjel Sætren.**

For. Anita Saltkjel og
Rasmus Olav Sætren.

NORDSIDA

DØYPTE:

29.09. **Aurora Ulvedal.**

For. Maria og Dag Ulvedal.

RANDABYGD

DØYPTE:

13/10 **Helene Normann Hellevang.**

For. Kristin Normann Hellevang og
Rolf Magne Aaland Hellevang.

NEDSTRYN

DØYPTE:

15.09. **Jonah Bødal Egge.** For. Elise Bødal
og Kristian Hool Egge.

29.09. **June Nesdal Lundevall.**

For. Linda Nesse Nesdal og
Hans Kristian Rakneberg Lundevall.

29.09. **Johan Olesen Nesje.**

For. Sofie Kristina Olesen Nesje og
Sondre Olav Nesje.

VIGDE:

07.09. Monica Tarlebø Bratshaug og
Magnus Arne Glosvik.

07.09. Elise Virginia Alejandra Tomasdard
og Eystein Storevik Dvergsdal.

14.09. Martine Berg-Rusten og
Martin Sandbakk.

26.09. Merete Hansteen Misund og
Nils Paul Haugen.

DØDE:

27.08. Lars Dybevold f. 1952

09.10. Else Åshild Bringsvor f. 1926

17.1.0 Ragna Myklebust f. 1923

Framhald:

08. mars; 2. s i fastetida – Matt 15, 21-28

Innvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

Nordsida 20.00 Kvinnedagsgudsteneste. Ved Hege Høibye.

15. mars; 3. s i fastetida – Luk 11, 14-28

Loen 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.

Nedstryn 19.00 Salmekveld.

22. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 26-38

Stryn Kulturhus

18.00 og 20.00 Konfirmantmusikal med alle konfirmantane i
Indre Nordfjord.

29. mars; 4. s i fastetida – Joh 11, 45-53

Nedstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

Olden 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

Hornindal 11.00 Gudsteneste. Ved prost Ingeborg Matre.

05. april; Palmesøndag – Joh 12, 12-24

Loen 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.

Utvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

Ljosheim 19.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

09. april; Skjærtorsdag – Matt 26, 17-30

Innvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

Bøasætra,

Stryn 12.00 Friluftsgudsteneste. Ved Henny Koppen.

Bruasætra,

Hornindal 12.00 Friluftsgudsteneste

Nordsida 20.00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

Kveldsmat etter gudstenesta.

10. april; Langfredag – Mark 14, 26-15, 37

Nedstryn 11.00 Pasjonsgudsteneste. Ved Henny Koppen.

Olden 19.30 Pasjonsgudsteneste. Ved Harald Runde.

12. april; Påskedag – Luk 24, 1-9

Nedstryn 11.00 Storfamiliegudsteneste. Ved Henny Koppen.

Olden 11.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde.

Nordsida 11.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Hege Høibye.

Hornindal 11.00 Høgtidsgudsteneste.

Felles med Bjørke og Austefjord.

Oppstryn 13.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Henny Koppen.

Randabygd 14.00 Høgtidsgudsteneste. Ved Hege Høibye.

13. april; 2. påskedag – Luk 24, 13-35

Loen 18.00 Salmekveld. Ved Henny Koppen.



Informasjon/
Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

Julekonsert i Olden kyrkje

«TRE KVINNER OG EIN MANN»

er ei songgruppe frå Gloppe. Randi Skaaden Felde, Hege Alme, Britt Glommnes Willumsen og Sjur Atle Austrheim har i fleire år glede lokalbefolkinga med kjende og ukjende julesongar, vakkert innpakka i nydelige arrangement. I Trivselshagen på Sandane har dei hatt fulle hus og opplevd mange minnerike konsertar. I år er dei klare for å oppfylle og innfri alle førespurnader om å besøke andre deler av fylket. Saman med sitt 6 manns store orkester kjem dei til Olden kyrkje, **torsdag 12.12., kl 19.**

«TRE KVINNER OG EIN MANN»

har opparbeidd seg eit stort repertoar. Du får oppleve julesongar du har eit nært forhold til, julesongar du kanskje minnast frå ei svunnen tid og julesongar du nett har høyrt, eller aldri har høyrt. Det vert ein stemningsfull julekonsert med songarar og musikarar som gler seg til å dele ein førjulskveld med «folket inn i fjorden».



KAFFIKROKEN



Neste nummer får du i posten rundt 1. april. Redaktør vert Knut Sigurd Gald.
Vi tek gjerne i mot stoff på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 28. februar.